vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

25.05.2021

AMB2001 Grunnleggjande helsefag / Grunnleggende helsefag

**Programområde:** Ambulansefag

LK06

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | I vurderinga vil det bli lagt vekt på at du<br>- kan beskrive korleis du vil løyse caseoppgåva og grunngir kvifor<br>- trekker inn aktuelle fagområde i grunngivinga<br>- viser innsikt og fagleg forståing<br>- nyttar korrekt fagterminologi<br>- ser heilskapen og samanhengen mellom teori og praksis<br>- har god struktur i eksamenssvaret |
| **Andre opplysningar** | Ved bruk av PC: Bruk skrifta Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.<br><br>Klargjering av uttrykk i spørsmålsformuleringa:<br><br>• **Beskriv**: Attgiving av eller forklaring på eit problemområde, ein situasjon eller eit fenomen.<br><br>• **Gjer greie for**: Forklaring med eigne ord som viser forståing for det ein har lest/lært. Inneber ei viss grad av tolking som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eige, og synspunkta som vert sette fram, vert grunngitte.<br><br>• **Drøft**: Få fram ulike synspunkt om eit tema / ei spørsmålsstilling, grunngi dei ulike synspunkta, sette dei opp mot kvarandre og trekke konklusjonar. |

**TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:**

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.

- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

**Lykke til!**

# Situasjonsbeskriving

Du er på dagvakt som lærling. Klokka 08.15 får de eit oppdrag med køyrekode GUL (Kode 2).
Oppdraget gjeld ei kvinne på 82 år som bur på aldersheim. Ho vart funnen av pleiepersonalet på morgonen med noko redusert kognitiv funksjon, feber og hoste.

Når de kjem fram til aldersheimen, finn de ho sittande i senga. Hun verkar noko uroleg, pustar litt raskt og svarer litt upresist på spørsmål.

Personalet opplyser at pasienten vanlegvis er oppegåande og orientert. Ho har dei siste par dagane vore noko mindre mobil enn tidlegare, men elles er funna i dag nye.

**Funn**:

Luftvegar: frie/opne

Respirasjon: rask og det vert observert noko produktiv hoste. Ved auskultasjon kan det høyrast «knatrelydar» utover normal respirasjonslyd.

Puls radialis: noko rask, regelmessig, normal fylde.

Hud: varm, fuktig.

Bevisstheit: svarer ikkje helt adekvat på spørsmål om dag/dato eller årstid.

**Vitalia**:

Respirasjon: frekvens 24 og SpO2 89 %
Puls: 110/min regelmessig
Blodtrykk: 140/85
Temp.: 39,5
GCS: 14

Allergi: ingen kjende

Faste medisinar: Selo-Zok (blodtrykkssenkande), Lipitor (kolesterolsenkande).

Pasienten har tidligare hatt eit lårhalsbrot og har noko redusert funksjon som følge av dette, men har berre behov for noko støtte og tilsyn i kvardagen.

**I oppgåvene under skal du bruke DENNE casen som grunnlag der du blir bedd om det.**

# Oppgåve 1

*Respirasjon og sirkulasjon*

a) Gjer greie for blodet sin gang gjennom hjartet og lungene frå det kjem inn frå kroppen til det forlet hjartet igjen («vesle kretsløpet»). Gjer også greie for hjartet si eiga blodforsyning.

b) Pasienten i casen har forhøgd respirasjonsfrekvens og noko låg SpO2. Gjer greie for moglege årsaker til dette.

# Oppgåve 2

*Immunforsvaret*

a) Beskriv kroppen sitt immunforsvar.

b) Pasienten i casen har feber. Beskriv mekanismar knytt til utvikling av feber.

# Oppgåve 3

*Hygiene*

Pasienten i casen har produktiv hoste. Beskriv korleis du vil førebygge smittespreiing i dette oppdraget.

# Oppgåve 4

*Medikament*

Denne pasienten sine medikament blir administrert i tablettform. Beskriv minst tre andre måtar å administrere medikament på.

# Oppgåve 5

*Regelverk*

a) Det er fleire aktuelle lover og forskrifter som regulerer arbeidet ditt som ambulansearbeidar. Paragraf 4 i helsepersonellova er ein av dei viktigaste paragrafer du må kjenne til. Kva omhandlar denne paragrafen?

b) Nemn to andre aktuelle lover/forskrifter som regulerer arbeidet ditt som ambulansearbeidar. Gi eit eksempel på korleis dei kan komme til bruk i det daglege arbeidet ditt.

# Oppgåve 6

*Omsorg, kommunikasjon og profesjonalitet*

Drøft korleis du vil ivareta omsorga og kva du vil vektlegge i kommunikasjonen med pasienten i casen.

# Bokmål

<table>
<tr><th colspan="2">Eksamensinformasjon</th></tr>
<tr><td>Eksamenstid</td><td>Eksamen varer i 4 timer.</td></tr>
<tr><td>Hjelpemidler</td><td>Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.</td></tr>
<tr><td>Bruk av kilder</td><td>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</td></tr>
<tr><td>Informasjon om vurderingen</td><td>I vurderingen vil det bli lagt vekt på at du:<br>- kan beskrive hvordan du vil løse caseoppgaven og begrunner hvorfor<br>- trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen<br>- viser innsikt og faglig forståelse<br>- anvender korrekt fagterminologi<br>- ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis<br>- har god struktur i besvarelsen</td></tr>
<tr><td>Andre opplysninger</td><td>Ved bruk av PC: Bruk skriften Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.<br><br>Klargjøring av begreper i spørsmålsformuleringen:<br><br>• Beskriv: Gjengivelse av eller forklaring på et problemområde, situasjon eller fenomen.<br>• Gjør rede for: Forklaring med egne ord som viser forståelse for det en har lest/lært. Innebærer en viss grad av tolkning som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eget, og at synspunktene som fremsettes, begrunnes.<br>• Drøft: Få frem ulike synspunkter om et tema / en spørsmålsstilling, begrunne de ulike synspunktene, sette dem opp mot hverandre og trekke konklusjoner.</td></tr>
<tr><td colspan="2">TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:<br>• Start med å lese oppgaveinstruksen godt.<br>• Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.<br>• Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.<br>• Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.</td></tr>
</table>

Lykke til!

# Situasjonsbeskrivelse

Du er på dagvakt som lærling. Klokken 08.15 får dere et oppdrag med kjørekode GUL (Kode 2).
Oppdraget gjelder en kvinne på 82 år som bor på aldershjem. Hun ble funnet av pleiepersonalet på morgenen med noe redusert kognitiv funksjon, feber og hoste.

Når dere ankommer aldershjemmet, finner dere henne sittende i sengen. Hun virker noe urolig, puster litt raskt og svarer litt upresist på spørsmål.

Personalet opplyser at pasienten vanligvis er oppegående og orientert. Hun har de siste par dagene vært noe mindre mobil enn tidligere, men for øvrig er dagens funn nye.

**Funn**:

Luftveier: frie/åpne

Respirasjon: rask og det observeres noe produktiv hoste. Ved auskultasjon høres «knatrelyder» utover normal respirasjonslyd.

Puls radialis: noe rask, regelmessig, normal fylde.

Hud: varm, fuktig.

Bevissthet: svarer ikke helt adekvat på spørsmål om dag/dato eller årstid.

**Vitalia**:

Respirasjon: frekvens 24 og $SpO_2$ 89 %
Puls: 110/min regelmessig
Blodtrykk: 140/85
Temp.: 39,5
GCS: 14

Allergi: ingen kjente

Faste medisiner: Selo-Zok (blodtrykkssenkende), Lipitor (kolesterolsenkende).

Pasienten har tidligere hatt et lårhalsbrudd og har noe redusert funksjon som følge av dette, men har kun behov for noe støtte og tilsyn i hverdagen.

**I oppgavene under skal du bruke DENNE casen som grunnlag der du blir bedt om det.**

# Oppgave 1

*Respirasjon og sirkulasjon*

a) Gjør rede for blodets gang gjennom hjertet og lungene fra det kommer inn fra kroppen til det forlater hjertet igjen («lille kretsløpet»). Gjør også rede for hjertets egen blodforsyning.

b) Pasienten i casen har forhøyet respirasjonsfrekvens og noe lav SpO2. Gjør rede for mulige årsaker til dette.

# Oppgave 2

*Immunforsvaret*

a) Beskriv kroppens immunforsvar.

b) Pasienten i casen har feber. Beskriv mekanismer knyttet til utvikling av feber.

# Oppgave 3

*Hygiene*

Pasienten i casen har produktiv hoste. Beskriv hvordan du vil forebygge smittespredning i dette oppdraget.

# Oppgave 4

*Medikamenter*

Denne pasientens medikamenter administreres i tablettform. Beskriv minst tre andre måter medikamenter kan administreres på.

# Oppgave 5

*Regelverk*

a) Det er flere aktuelle lover og forskrifter som regulerer arbeidet ditt som ambulansearbeider. Paragraf 4 i helsepersonelloven er en av de viktigste paragrafene du må kjenne til. Hva omhandler denne paragrafen?

b) Nevn to andre aktuelle lover/forskrifter som regulerer arbeidet ditt som ambulansearbeider. Gi et eksempel på hvordan de kan komme til anvendelse i det daglige arbeidet ditt.

# Oppgave 6

*Omsorg, kommunikasjon og profesjonalitet*

Drøft hvordan du vil ivareta omsorgen og hva du vil vektlegge i kommunikasjonen med pasienten i casen.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap